



Modalen elveeigarlag

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gry Walle, 5557 2332

Att. Linda Neset

## Løyve til prøvefiske i Modalselva 2023 - Modalen elveeigarlag

---

**Modalen elveeigarlag får løyve til å organisere og gjennomføre forskingsfiske i Modalselva i Modalen kommune i 2023. Løyvet er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova, og på vilkår.**

---

Vi viser til søknad av 26. juni 2023.

### Bakgrunn

Forskingsfisket i vassdraget er ein del av reetableringsprosjektet for laks i vassdraget. Forskingsfisket bidrar med viktig data inn i prosjektet, som t.d. fangst – gjenfangst, innsamling av snotemerker osv.

Laget tek på seg ansvaret med å organisere forskingsfisket etter avtale med forvaltinga, og må sjølv ordne med naudsynt utstyr for å gjennomføre eit forskingsfiske, dvs. utstyr til å scanne PITmerker, løysing for oppbevaring av levande fisk for scanning og eventuelle anna materiell naudsynt for gjennomføring av forskingsfiske.

### Rettsleg utgangspunkt

#### *Lakse- og innlandsfisklova*

Føremålet med lova er å sikre at stammer av laksefisk og andre ferskvassorganismar og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Når vi vurderer om det skal gjevast løyve til fiske av anadrom laksefisk, skjer det etter § 13 i lakse- og innlandsfisklova.

#### *Naturmangfaldlova*

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.



## Vår vurdering

Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 i naturmangfaldlova omfattar informasjon frå søkjar, erfaring frå tidlegare års forskingsfiske i vassdraget og Vossovassdraget, kunnskap om status til laks og sjøaure i vassdraget (lakseregisteret, VRL osv. Det er ikkje opna for ordinært fiske etter laks og sjøaure i vassdraget. Stamma av laks er under reetablering med rogn frå genbank. Stamma av sjøaure er vurdert til dårleg tilstand<sup>1</sup>.

Det er berre oppdrettsfisk (samt ev. pukkellaks) som skal avlivast. Av omsyn til fisken, skal retningslinjer for fang og slepp fiske utarbeida av Norske Lakseelver mfl. følgjast. Etter vårt syn vil ikkje tiltaket føre til vesentlege økologiske endringar i vassdraget. Utstyret som vert nytta under fisket er tilpassa føremålet. Tiltaket skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, og vi meiner difor § 11 ikkje er relevant i denne saka.

## Vedtak

Med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova får Modalen elveeigarlag løyve til å organisere og gjennomføre forskingsfiske. Løyvet gjeld i perioden 14. september til 12. oktober 2023, og på følgjande vilkår:

1. Fisket må avklarast med den enkelte grunneigar/fiskerettshavar.
2. De kan fiske fem helger i perioden.
3. Det skal fiskast med stang.
4. Mothakene må vere innknept.
5. Det skal nyttast håv utan knute.
6. Eventuell oppdrettsfisk og pukkellaks skal avlivast.
7. All vilfisk og kultivert laks skal setjast ut att i live.
8. Det skal takast skjelpøver og lengdemål av all laks som vert fanga. Data og skjelpøver skal leverast Norce LFI. Sjå rutinar frå LFI.
9. Retningslinjer for fang og slepp, utarbeida av Norske Lakseelver mfl., skal følgjast.
10. Villfisk som døyr som følgje av fangst, skal takast hand om av elveeigarlaget og leverast til ein institusjon etter avtale med Statsforvaltaren.
11. Fangstresultat skal rapporterast inn til Statsforvaltaren med ein gong fisket er avslutta.
12. Ev. rømt fisk skal meldast til Fiskeridirektoratet på <https://www.fiskeridir.no/tips-oss>.
13. Løyvet skal vere med under fisket.

## Klagerett

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følgje.

Med helsing

Julie Marie Andersen  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

---

<sup>1</sup> Vitenskapelig råd for lakseforvaltning



Kopi til:

Miljødirektoratet  
SNO v/Einar Vereide  
Modalen kommune  
Vest politidistrikt

Postboks 5672 Torgarden

Postboks 44

Postboks 85

7485

5729

6901

TRONDHEIM

MODALEN

FLORØ